



Det er ein liten flokk som samlast på Røstene no, men desse er det triveleg å vera i lag med. Det var det og måndag då det var avslutning før julestria, seier Linda Tvedt.



- Me song julesongar, fortalde om 'redningsmannen' som vart sendt oss, det var kos med kakemenn, peparkaker og raud brud. De flittigaste rakk og å laga julekort og pynta på filtenglar.
18. januar startar Røstene opp att med lagsarbeidet - her er god plass for fleire som vil vera med.
Ein huskeregel er oddetals-måndag klokka 17.30 på bedehuset.



Uti januar fyller dette barnelaget 34 år. Mange av dei som var med frå starten har sikkert born og borneborn sjølv som kunne ha vore med her, seier Linda.